

Kristus i Salmene: Songen om Hyrden

- Den hebraiske tittelen til Salmenes bok er oversett "Lovprisinga si bok"
- Israels nasjonale sangbok.
- Salmene opphøyer og priser Herren
- Kvar menneskeleg erfaring er relatert til Han.

Når NT peiker på Kristus i Salmene

- Vi har Kristi eigne ord for å rettferdiggjere vår leiting etter Han i salmane. **Lukas 24:44** «Så sa han til dei: Dette er orda mine, som eg tala til dykk medan eg endå var hos dykk, at det måtte oppfyllest alt det som er skrive om meg i Moselova og profetane og salmane».
- Vi må ikkje «presse teksten» etter sanningar om Jesus Kristus.
- Men nokre stader ser vi at NT tydeleg seier at GT-tekstane peikar på Kristus
- Salmene er fulle av Kristus. Dei skildrar heile evangeliet, inkludert hans lidning og død.

Salme 22, 23 og 24

- Eg har kalla denne bibeltimen «Songen om Hyrden», fordi eg meiner Kristus-salmene dekkjer dei ulike aspekt av Kristus som hyrde. Salme 22, 23 og 24 gjev oss ei slik inndeling:

Salme 22: Den Gode Hyrde

Jesus seier det slik om seg sjølv i Johannes 10:11 «Eg er den gode hyrdingen. Den gode hyrdingen set livet til for sauene».

- Den gode hyrde handlar om Jesu frelsesgjerning.
- I Salme 22 ser vi ei skildring av korsdøden og høyrer ropet frå vår lidande Frelsar.
- Han er ein av vår ætt, ikkje berre Guds son.
- Skam, forakt, ein som er forlatt av Gud, tydelege kjenneteikn på korsfestinga, korleis dei romerske soldatane kasta lodd om Jesu kjortel, osv.

Salme 22:1-20

¹ Til songmeisteren. Etter "Morgonrødens hind". Ein salme av David. ² Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Langt borte frå mi frelse er klageropet mitt. ³ Min Gud! Eg ropar om dagen, og du svarar ikkje – og om natta, eg teier ikkje. ⁴ Likevel er du heilag, du som tronar over Israels lovsongar. ⁵ Til deg sette fedrane våre si lit. Dei leit på deg, og du fridde dei ut. ⁶ Dei ropa til deg og vart berga. Til deg sette dei si lit, og dei vart ikkje til skammar. ⁷ Men eg er ein makk og ikkje eit menneske, eg er spotta av menneske og forakta av folk. ⁸ Alle som ser meg, spottar meg, vrenger munnen og rister på hovudet: ⁹ Set din veg i Herrens hand! Lat han berga han! Han skal fri han ut sidan han har behag i han. ¹⁰ Ja, du er den som drog meg fram av morslivet, som lét meg kvila trygt ved brystet åt mor mi. ¹¹ På deg vart eg kasta frå morslivet, du har vore min Gud frå morsfanget. ¹² Ver ikkje langt borte frå meg, for trengsla er nær, og det er ingen som hjelper. ¹³ Sterke stutar ringar meg inn, Basans oksar kringset meg. ¹⁴ Dei opnar opp gapet sitt mot meg som ei flerrande, brølende løve. ¹⁵ Lik vatn er eg rent ut, og alle mine bein skil lag. Mitt hjarta er som voks, det har smelta inni meg. ¹⁶ Mi kraft er uttørka som eit krusbrot, og mi tunge heng fast i gomme. Du legg meg i dødens støv. ¹⁷ For hundar ringar meg inn, hopen av dei vonde kringset meg. Dei har gjennombora føtene mine og hendene mine. ¹⁸ Eg kan telja alle mine bein. Dei stirer, dei ser på meg med skadefryd. ¹⁹ Dei deler kleda mine mellom seg og kastar lodd om kjortelen min. ²⁰ Men du, Herre, ver ikkje langt borte! Du min styrke, skunda deg å hjelpa meg!

- ✓ **Oppfylling: Matteus 27:35-46; Markus 15:24-29; Johannes 19:23-24.**

Kvifor inneheld Bibelen slike tekstar om Den gode hyrde, han som set livet til for sauene?

1. Fordi det skal gje oss tillit til at Bibelen er Guds ord, ikkje menneskeord. Vår tru og vår frelse er bygd på det apostlane og profetane sin grunnvoll (Ef.2:20).
2. Fordi desse salmane gir oss ei djupare innsikt i Jesu lidning enn når vi berre les Evangelia.

Ande salmar som skildrar Jesu einsemd og trengsel

Salme 69:22 «Dei gav meg galle å ete, og for tørsten gav dei meg eddik å drikke».

- ✓ **Matteus 27:34** «Dei gav han då vin blanda med galle, men då han hadde smaka det, ville han ikkje drikke».
- ✓ **Johannes 19:28-29** «²⁸ Etterpå, då Jesus visste at no var alt fullført, seier han, så Skrifta skulle oppfyllest: Eg er tyrst! ²⁹ Det stod eit kar der som var fylt med eddikvin. Dei sette då ein svamp full av eddik på ein isopstilk og heldt han opp til munnen hans».

Og vi finn ord som talar om Jesu indre kamp: **Salme 69:21** «Spott har brote mitt hjarta, så eg er sjuk. Eg venta på medynk, men det var ingen, på trøystarar, men eg fann ikkje nokon».

I denne salmen les vi også om Jesu sinne over hans fiendar (vers 23-30), og på den bakgrunn er det enno sterkare å lese i Evangelia om Han som bad for sine fiendar: **Lukas 23:34a** «Men Jesus sa: Tilgjev dei, Far, for dei veit ikkje kva dei gjer».

Då Peter held sin tale i Jerusalem på pinsedagen, talar han om Jesu død og oppstode: **Apg 2:22-32**

²² De israelittiske menn, høyr desse orda! Jesus frå Nasaret var ein mann Gud peikte ut for dykk gjennom kraftige gjerningar, under og teikn som Gud gjorde ved han midt imellom dykk, som de sjølve veit. ²³ Han vart sviken slik Gud føreåt hadde fastsett og visste om, og de slo han i hel då de nagla han til krossen ved lovause menns hender. ²⁴ Men Gud reiste han opp att og lét døden gje han frå seg. For det var umogleg for døden å halda fast på han. ²⁵ For David seier om han: Eg hadde alltid Herren for augo mine, for han er ved mi høgre hand så eg ikkje skal rikkast. ²⁶ Difor glede mitt hjarta seg, og mi tunge jubla. Ja, endå kjøtet mitt skal leggja seg til kvile med von. ²⁷ For du vil ikkje forlata mi sjel i dødsriket. Og du vil heller ikkje la din Heilage sjå undergang. ²⁸ Du lét meg kjenna livsens vegar, du vil fylla meg med glede for ditt åsyn. ²⁹ Lat meg tala med frimod til dykk, brør, om patriarken David. Han både døydde og vart gravlagd, og grava hans er her hjå oss den dag i dag. ³⁰ Men han var ein profet og visste at Gud med eid hadde lova å setja ein av hans egne etterkomarar på trona hans. ³¹ Difor var det oppstoda åt Messias han såg fram mot og tala om, då han sa at sjela hans ikkje vart forlaten i dødsriket, og at heller ikkje kjøtet hans vart gjort til inkje. ³² Denne Jesus reiste Gud opp att, og vi er alle vitne om det.

- ✓ Vers 30 er henta frå **Salme 132:11** «Herren har svore David ein eid i sanning, den vil han ikkje gå frå: Av di livsfrukt vil eg setja kongar på trona di».
- ✓ Vers 25-28 er henta frå **Salme 16:8-11** «⁸ Eg set alltid Herren for meg. Han er ved mi høgre hand, eg skal ikkje rikkast. ⁹ Derfor gleder mitt hjarta seg, og mi ære* frydar seg. Også mitt kjøt skal bu trygt. ¹⁰ For du vil ikkje gje mi sjel over til dødsriket. Du skal ikkje la din heilage verta til inkje. ¹¹ Du vil kunngjera meg livsens veg. Ein fylde av glede er det for ditt åsyn, ein evig glede ved di høgre hand».
- ✓ Salme 16:10 vert også sitert av Paulus då han tala til jødane i Antiokia, og sentrum for hans tale er også Jesu død og oppstode.

Salme 40:7-10

⁷ Slaktoffer og matoffer har du ikkje behag i – du har bora øyro mine – brennoffer og syndoffer krev du ikkje. ⁸ Då sa eg: Sjå, eg kjem, i bokrullen er det skrive om meg. ⁹ Å gjera din vilje, min Gud, er mi lyst, og di lov er i mitt hjarta. ¹⁰ Eg bar fram ein god bodskap om rettferd i ei stor forsamling. Sjå, eg lét ikkje att mine lepper. Herre, du veit det.

- ✓ Dette vert sitert og brukt slik i **Hebrear brevet 10:5-10**
⁵ Difor seier han når han stig inn i verda: Offer og gåve ville du ikkje ha, men ein kropp laga du til meg.
⁶ Brennoffer og syndoffer hadde du ikkje behag i. ⁷ Då sa eg: Sjå, eg kjem – i bokrullen er det skrive om meg – for å gjera din vilje, Gud. ⁸ Først seier han: Offer og gåver og brennoffer og syndoffer ville du ikkje ha, og hadde du ikkje behag i – endå desse vert borne fram etter lova. ⁹ Deretter seier han: Sjå, eg kjem for å gjera din vilje. Han tek bort det fyrste, for å la det andre stå fast. ¹⁰ Ved denne viljen har vi blitt helga ved at Jesu Kristi kropp vart ofra éin gong for alle.

Salme 41:8-10 «⁸ Alle dei som hatar meg, kviskrar saman imot meg. Det som er til skade for meg, tenkjer dei ut mot meg. ⁹ Det kviler noko vondt på han – han ligg der og står ikkje opp meir. ¹⁰ Jamvel mannen eg levde i fred med, som eg leit på, han som åt mitt brød, har lyft sin hæl imot meg».

- ✓ Jesus siterer dette i **Johannes 13:18** «Eg talar ikkje om dykk alle. Eg veit kven eg har valt ut – men Skrifta måtte oppfyllest: Han som et sitt brød med meg, har lyft sin hæl imot meg».

Salme 118:22 «Den steinen bygningsmennene vraka, har vorte hovudhjørnestein».

- ✓ **Matteus 21:42; Apg 4:11; Efesarbrevet 2:20; 1.Peter 2:7**

Salme 132:17 «Der vil eg la eit horn veksa opp for David, gjera i stand ei lampe for den eg har salva».

- ✓ Sakarias, far til døyparen Johannes, siterer dette i **Lukas 1:69** «Han reiste eit horn til frelse for oss i sin tenar Davids hus...»

Salme 23: Den Store Hyrde

Heb 13:20-21 «Men fredens Gud, han som i kraft av blodet i ei evig pakt, førde den store hyrdingen over sauene, vår Herre Jesus, opp frå dei døde, må han gjera dykk dugande til alt godt, så de kan gjera hans vilje, ved at han ved Jesus Kristus verkar i oss det som er godt i hans augo. Æra høyrer han til i all æve! Amen».

Bodskapen om Den store hyrde handlar om hyrdingen som har **omsorg for sine sauer**. Han som frelste oss på Golgata vil også bevare oss og leie oss til vårt himmelske heimland. Ingen stad er dette vakrare skildra enn i Salme 23.

Salme 23:1-6

¹ Ein salme av David. Herren er min hyrding, det vantar meg ingen ting. ² Han lét meg liggja i grøne enger, han leier meg til vatn der eg finn kvile. ³ Han styrkjer mi sjel, han fører meg på rettferds stigar for sitt namn skuld. ⁴ Om eg så

skulle vandra i dødsskuggens dal, ottast eg ikkje for vondt. For du er med meg, din kjepp og din stav, dei trøystar meg. ⁵ Du dukar bord for meg like for augo på mine fiendar. Du salvar mitt hovud med olje, mitt staup renn over. ⁶ Berre godleik og miskunn skal fylgja meg alle mine levedagar, og eg skal bu i Herrens hus gjennom lange tider.

- ✓ Han lover å leie oss og sørge for oss og bevare oss. **Filipperbrevet 1:6** «Og eg er fullt viss på dette at han som tok til med ei god gjerning i dykk, vil fullføra henne heilt fram til Jesu Kristi dag».
- ✓ Det er Den store hyrde som inviterer oss til å vere saman med Han for å kvile oss: **Markus 6:31** «Han seier då til dei: Kom med til ein øydestad der vi kan vera for oss sjølve, og kvil dykk litt! For det var mange som kom og gjekk, så dei ikkje eingong fekk tid til å eta».
- ✓ Det er Jesus Kristus som vil føre oss gjennom alle prøvingar, også den siste fiende; døden. **Romerbrevet 8:35-39** «³⁵ Kven vil skilja oss frå Kristi kjærleik? Trengsle eller angst eller forfølgning eller svolt eller nakenskap eller fare eller sverd? ³⁶ Som skrive står: For di skuld vert vi drepne heile dagen, vi vert rekna som slaktesauer. ³⁷ Men i alt dette vinn vi meir enn siger ved han som elska oss. ³⁸ For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, ³⁹ verken høgd eller djupn eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre».

Ande salmar om Den store hyrde

Salme 68 skildrar Kristi seier. **Salme 68:19** «Du fór opp i det høge, førde bort fangar, tok gåver mellom menneska, mellom dei trassige òg, for å bu der, Herre Gud!»

- ✓ **Efesarbrevet 4:8** «Difor seier Skrifta: Han fór opp i det høge og bortførde fangar, han gav menneska gåver».
- ✓ **Kolosserbrevet 2:15** «Han avværna maktene og herredøma og syntte dei ope fram, då han viste seg som sigerherre over dei på krossen».

Salme 45 skildrar Kongen og hans brud, **Salme 45:7-8** «⁷ Di trone, Gud, står fast for evig og alltid, ein kongsstav med rettvise er kongsstav i ditt rike. ⁸ Du elsker rettferd og hatar vondskap, derfor, Gud, har din Gud salva deg med gledes olje framfor dine medbrør».

- ✓ **Hebrearbrevet 1:8-9** «⁸ Men om Sonen seier han: Di trone, Gud, står i all æve, og rettferds stav er kongsstav i ditt rike. ⁹ Du elska rettferd og hata urett. Difor, Gud, har din Gud salva deg med gledesolje framfor brørne dine».

Salme 45:15-16 «¹⁵ I fargerik bunad vert ho leidd fram til kongen. Møyar, hennar veninner, fylgjer henne, dei vert førde fram for deg. ¹⁶ Dei vert leidde fram med fryd og fagnad, dei går inn i kongeslottet».

- ✓ **Joh.Openberring 21:2** «Og eg såg den heilage byen, det nye Jerusalem, stiga ned ifrå himmelen frå Gud, gjort i stand lik ei brur som er prydd for brudgomen sin».

Overhyrden

1.Pet 5:4 «Når så overhyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege ærekransen».

- Bodskapen om Overhyrden handlar altså om Han som drog bort for å gjere i stand ein stad for oss, og som skal kome att for å hente sine, for å gje oss løn ut frå vårt liv i denne verda, for å opprette sitt fredsrrike, og for å hente oss heim til sin evige bustad.
- Salme 24 fortel om herlegdomens konge som kjem. **Salme 24:8-10** «Kven er denne herlegdomens konge? – Herren, sterk og veldig. Herren, mektig i strid. Lyft hovuda, de portar! Og de evige dører, lyft dykk, så herlegdomens konge kan dra inn! Kven er denne herlegdomens konge? – Herren, Allhærs Gud, han er herlegdomens konge. Sela». Han er vår konge, og han kommer til å herske i kraft og stor herlighet».
- I GT er Menigheten (den kristne forsamling av frelste jødar og heidningar) noko som ikkje var openberra. Ein løyndom i Skrifta er noko som har vore skjult i Gud frå starten av, men som no vert openberra ved apostlane (sjå Efesarbrevet 3:3ff, Efesarbrevet 5:32, Kol.1:26-27, Kol.2:2, Kol.4:3, 2.Tess.2:7, 1.Tim.3:16).
- I Evangelia ser vi forventningane i folket på at Kongen skal kome for å opprette sitt rike og sette dei i fridom.
- Denne forventninga var sjølvstekt ikkje utan grunnlag i Skriftene.

Salme 8:1-10

¹ Til songmeisteren. Etter Gittit*. Ein salme av David. ² Herre, vår Herre! Kor herleg ditt namn er over all jorda, du som har breidd di prakt ut over himmelen! ³ Av munnen på småborn og spedborn har du reist eit vern for dine motstandarar skuld, for å stanse munnen på fienden og den som trår etter hemn. ⁴ Når eg ser din himmel, verket av dine fingrar, månen og stjernerne som du har sett der – ⁵ kva er då eit menneske at du kjem han i hug, ein menneskeson, at du ser til han! ⁶ Du gjorde han lite ringare enn Gud, med ære og herlegdom krona du han. ⁷ Du gjorde han til herskar over dine henders verk, alt la du under hans føter: ⁸ Sauer og oksar, alle saman, til og med villdyra på marka, ⁹ fuglane

under himmelen og fiskane i havet, alt som ferdast på havsens stigar. ¹⁰ Herre, vår Herre! Kor herleg ditt namn er over all jorda!

- Salme 8 er ein viktig og nydeleg salme om korleis Gud ser på mennesket.
- Når vi studerer skaparverket, svimlar det for tanken vår.
- Og kva er då eit menneske?
- Jesus seier: **Matt 16:26** «Kva gagnar det eit menneske om han vinn heile verda, men tek skade på si sjel? Eller kva kan eit menneske gje til vederlag for si sjel?»
- Gud set sitt adelsmerke på mennesket framfor all annan skapning i denne verda.
- Derfor skal du også ta inn over deg Salme 8, og inkludere deg og alle andre menneske – fødde som ufødde.
- **Men handlar Salme 8 om Kristus?** Det som gjer at vi med sikkerheit veit at denne salmen også handlar om Kristus, er fordi NT seier oss det på to stader:
 - ✓ **Hebreerbrevet 2:6-9** «⁶ Men det er ein som ein stad har vitna: Kva er eit menneske, at du kjem han i hug? Eller ein menneskeson, at du ser til han? ⁷ For ei kort tid sette du han lågare enn englane. Men med ære og herlegdom krona du han, og sette han over det hendene dine har gjort. ⁸ Alt la du under hans føter. For då han la alt under han, heldt han ikkje tilbake noko som han ikkje la under han. Enno ser vi ikkje at alt er lagt under han. ⁹ Men han som for ei kort tid vart sett lågare enn englane, Jesus, han ser vi krona med herlegdom og ære fordi han leid døden, så han ved Guds nåde skulle smaka døden for alle».
 - ✓ **1.Korinterbrev 15:25-28** «²⁵ For han skal råde som konge til han får lagt alle fiendar under føtene sine. ²⁶ Den siste fienden som vert gjord til inkje, er døden. ²⁷ For han har lagt alt under hans føter. Men når han seier at alt er lagt under han, då er det klårt at han som la alt under han, er unnateken. ²⁸ Men når alt er lagt under han, då skal òg Sonen sjølv leggja seg under han som la alt under han, for at Gud skal vera alt i alle».
- Her ser skildringar av Jesus Kristus i sin herlegdom.
- Han skal kome att som Overhyrden, som Kongen.
- Mitt syn er at Kristus skal opprette eit fredsrrike på ei omskapt jord, der Han skal regjere som konge. Dei skildringar av dette riket som vi finn i Salmane og profetane fortel oss om eit vidunderleg rike, men ikkje eit fullkome rike. Særleg tydeleg kan du lese det i Jesaja 65:17-25. Fredsriket vert også kalla Riket for Israel, fordi det jødiske folk skal igjen vere i sentrum for Guds handlingsplan, og det vert kalla Tusenårsriket med bakgrunn i i Johannes Openberring kapittel 20.

Salmar om Kristus og hans fredsrrike

Opptakta til dette riket, og tilstanden under det, kan vi særleg lese i **Salme 2, 72, 95-99 og 110**.

Salme 72:1-20

¹ Av Salomo. Gud, gjev kongen di rettferd, og kongssonen din rett, ² så han kan døma ditt folk med rettferd, og dine armingar med rett. ³ Fjella skal bera fred til folket, og haugane rettferd. ⁴ Han skal døma rett for armingane i folket. Han skal frelsa barnet til den fattige og knusa undertrykkjaren. ⁵ Dei skal ottast deg så lenge sola er til, og så lenge månen skin, frå ætt til ætt. ⁶ Han skal koma ned som regn på nyslegen eng, lik ei regnskur, som væter jorda. ⁷ I hans dagar skal den rettferdige bløma. Stor fred skal råda, alt til månen ikkje er meir. ⁸ Han skal herska frå hav til hav, frå elva og like til endane av jorda. ⁹ Dei som bur i øydemarka, skal bøya kne for hans åsyn. Fiendane hans skal slikka støv. ¹⁰ Kongane frå Tarsis og fjerne kystar skal koma med gåver, kongane frå Sjeba og Seba skal bera fram skatt. ¹¹ Alle kongar skal falla ned for han, alle heidningar skal tena han. ¹² For han skal frelsa den fattige som ropar, armingen som ingen hjelpar har. ¹³ Han skal spare den hjelpelause og fattige, og frelsa sjelene til dei fattige. ¹⁴ Han skal løysa sjela deira frå undertrykking og frå vald. Blodet deira skal vera dyrt i hans augo. ¹⁵ Dei skal leva og gje han av Sjebas gull. Dei skal alltid be for han, heile dagen skal dei lova han. ¹⁶ Det skal vera ei ovnøgd av korn i landet på fjelltoppane, grøda skal bylgja som Libanon. Folk skal bløma fram or byane som grasen på marka. ¹⁷ Hans namn skal vera til evig tid. Så lenge sola skin skal hans namn skyta friske skot. Dei skal velsigna seg ved han, og alle heidningar skal prisa han sæl. ¹⁸ Lova vere Gud Herren, Israels Gud. Einast han er den som gjer under. ¹⁹ Hans herlege namn vere lova til evig tid! All jorda er full av hans herlegdom! Amen, amen. ²⁰ Ende på bønene av David, son til Isai.

Dette var det folket i Israel drøymde om og venta på, og det var dette riket Jesus omtalte då han og læresveinane reiste rundt og forkynte at Guds rike er kome nær.

- ✓ Matteus 9:35 «Og Jesus drog omkring i alle byane og landsbyane. Han lærde i synagogene deira og forkynte evangeliet om riket, og han lækte all sjukdom og alle plager».
- ✓ Lukas 10:9 «Læk dei sjuke i byen, og sei til dei: Guds rike er kome nær til dykk!»
- Riket vart demonstrert med teikn og under, og alle vart friske. Riket var kome nær fordi Kongen var nær. Kongen stod midt mellom dei, men dei kjende han ikkje.
- Dette høyrer framtida til, og det er Kristus som skal kome att for å hente heim si brud til bryllup, og deretter skal han opprette sitt fredsrrike der bruda skal herske med han.
- Artikkel i Christianity Today 3.august 2017 viser ei anna, og usunn, tilnærming til dette:
<http://www.christianitytoday.com/ct/2017/august-web-only/bethel-church-international-house-prayer-prophets-apostles.html>

- Vi må alle må vere vakne, slik Jesus gong på gong minner oss om.
- Vårt fokus skal vere å forkynne Evangeliet om Korset, og vi skal ha Jesus og apostlane hans som føredøme.
- Vi skal forkynne til dess Han kjem att for å hente oss, og så skal han opprette sitt rike, ikkje før.

Kristus i Salomos Ordspråk

Ordspråka er for det praktiske livet det same som Salmane er for det åndelege livet. Ordspråka samlar Guds visdom i eit klart og treffande ordtak, som kan brukast i praktiske situasjonar i livet.

Måten Salomos ordspråk skildrar og personifiserer visdommen, minner oss om visse trekk ved Kristus. Visdommen vert personleggjort som ei kvinne, og vert omtalt som Visdomsmøya i NB 88/2007.

Den praktiske visdommen i Salomos ordspråk er eit motstykke til den fullkomne visdommen vi finn i Kristi liv. Å elske Kristus, og å følge han, er å elske visdom og å praktisk leve ut prinsippa som vi finn i Salomos ordspråk, ved hjelp av Den Heilage Ande si kraft.

Salomos ordspråk	Visdom	Referanse frå NT	Kristus
8,23	Frå æva har eg vorte til, frå opphavet, før jorda var.	Joh 1,1	I opphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud.
8,27	Då han bygde himmelen, var eg der, då han teikna ein kvelv over djupet,	Joh 1,2-3	Han var i opphavet hos Gud. Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til av alt som har vorte til.
8,30	...då var eg hjå han som kunstnar	Heb 1,2	Ved han har han òg skapt verda.
8,22	Eg var i Herrens eige då hans veg tok til, før hans verk i fordoms tid.	Kol 1,17	Han er før alle ting, og alt står ved lag ved han.
8,30	...dag etter dag var eg hans behag, og eg fryda meg alltid for hans åsyn.	Luk 3,22, Joh 17,24	«Du er Son min, som eg elsker. I deg har eg behag». «... du elska meg før verda vart grunnlagd».
8,14	Råd og godt skjøn tilhøyrrer meg. Eg er vit, og styrke høyrer meg til.	1 Kor 1,30	... han som for oss har vorte visdom frå Gud
2,4	dersom du leitar etter det som etter sølv og grev etter det som etter løynde skattar,	Kol 2,3	I han ligg alle skattane av visdom og kunnskap skjulte.
8,5	Lær dykk klokskap, de einfaldige! Og de uvituge, lær dykk vit!	Luk 10,21	... du har løynt dette for vise og forstandige, og openberra det for umyndige.
1, 20 og 23	Visdomsmøya ropar høgt på gata, ho lét røysta si høyra på torga. Vend om og høyr etter når eg viser til rette!	Matt 18,3	«Utan at de omvender dykk og vert som born, kjem de slett ikkje inn i himmelriket».
1,33	Men den som høyrer på meg, skal bu trygt og leva i ro utan å frykte for noko vondt.	Matt 11,28	Kom til meg, alle som strevar og har tungt å bera, og eg vil gje dykk kvile.
8,1	Høyr, visdomsmøya ropar! Vitet lét røysta si lyda!	Joh 7,37	... stod Jesus og ropa ut: Om nokon tyrstar, så lat han koma til meg og drikk!
9,5	Kom, et av brødet mitt og drikk av vinen eg har blanda!	Joh 6,35	Den som kjem til meg skal ikkje svelta. Og den som trur på meg, skal aldri nokon gong tyrsta.

8,17	Eg elsker dei som elsker meg, og dei som leitar etter meg, skal finna meg.	Gal 2,20 Matt 7,7	«Det livet eg no lever i kjøtet, det lever eg i trua på Guds Son, han som elska meg og gav seg sjølv for meg». «Bed, så skal de få. Leit, så skal de finna».
8,35	For den som finn meg, finn livet og får nåde hjå Herren.	Joh 6,47	Den som trur, har evig liv!
8,6	Høyr! Eg talar om store ting. Frå leppene mine kjem rettvisе ord	Luk 4,22	Alle lét vel om han og undra seg over dei nådeorda som kom frå hans munn.
8,20	Eg vandrar på rettferds veg, midt etter rettens stigar.	Sal 23,3	... han fører meg på rettferds stigar for sitt namn skuld.

Ordspråka 8:32-36 «³² Og no, høyr på meg, borna mine! Sæle er dei som følger mine vegar. ³³ Høyr på mi formaning og vert vise, vanvørd henne ikkje! ³⁴ Sælt er det mennesket som høyrer på meg, så han vaker ved dørene mine dag etter dag og held vakt ved dørstolpane mine. ³⁵ For den som finn meg, finn livet og får nåde hjå Herren. ³⁶ Men den som ikkje finn meg, skader si eiga sjel. Alle dei som hatar meg, elsker døden».

Det er det vi treng å vite, og den enkelte av oss har ansvaret for å ta imot eller avvise denne budskapet.